

Kinn kommune
Planavdelinga
post@kinn.kommune.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2024181/03-01/jbs

Florø
25.02.2025

Forenkla planinitiativ for planlagde tiltak i samband med oppstart av offentleg reguleringsplan for ny tilkomstveg til Kystmuseet, gbnr 28/240, 595, 746, 764 m.fl., i Kinn kommune.


I samband med offentleg forslag til reguleringsplan for gbnr 28/240, 595, 746, 764 m.fl. vert det her gitt ei skildring av planlagde tiltak i samband med oppstart av offentleg reguleringsplan for ny tilkomstveg til Kystmuseet. Dokumentet er oppdatert i samband med oppstartvarslinga.

Då planarbeidet er i ei tidleg startfase, er omtala ikkje på eit detaljert nivå, men er gitt ut frå det omfang vi antar at planarbeidet vil føre med seg.

Tiltakshavar for detaljreguleringa er **Kinn kommune v/Anders Espeset og Frode Ellingsund**. Plankonsulent er **iVest Consult AS**.

Planarbeidet vil skje i tett samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane v/Annette Langedal Holme.

Formål med planarbeidet er å legge til rette for ny tilkomstveg til Kystmuseet. Kystmuseet vart etablert i 1980. Den gang tenkte ein ikkje godt nok gjennom å sikre tilfredsstillande tilkomst til museet for større køyretiltak og auka trafikk. Kystmuseet ligg i enden av eit bustadfelt frå 70-talet med tronge vegar, fleire etablerte garasjer inntil gate, og med parkering langs veg for mange av bustadane. Avkjørsela frå Brendøyvegen til Kystmuseet er midt i ein sving og i tillegg svært smal, med etablerte bygg og hageanlegg tett på veg på begge sider. Det er ikkje mogeleg å komme ned med større køyretiltak her. For større varetransport må ein difor finne dyre og kompliserte løysingar sjøvegen. Det er heller ikkje mogeleg med tilkomst for buss, noko som gjer det utfordrande å legge opp besøk av store viktige kundegrupper. I løpet av dei 40 åra museet har vært i drift har det i ulik grad vore eit tema å sikre Kystmuseet betre tilkomstveg, men det har stranda gong etter gong, som oftast grunna økonomi.



Figur 1: Raud linje viser dagens køyretilkomst frå Kinnvegen via Vågavegen og Brendøyvegen, til Kystmuseet. Gul linje viser ny planlagt køyretilkomst til museet frå Kinnvegen via Keilevågen (Kinn kommune/iVest Consult).

a) Formål med planen


Det skal i hovudsak leggast til rette for nytt veganlegg til Kystmuseet frå Kinnvegen via Keilevågen. I den samanheng skal det sjåast på alternativ løysing for trafikkavvikling fram til museet, der det skal vurderast moglegheit for etablering av nytt parkeringsareal mellom Brendøyvegen og Keilevegen. Nytt parkeringsareal skal sjåast i samanheng med evt. areal for nærmiljøanlegg, og areal for å sikre etablert gangveg/snarveg mellom Brendøyvegen og Keilevegen, vidare til Nonskarvegen. Ved eksisterande parkeringsplass skal det vurderast utviding av areal for å legge til rette for moglegheit for etablering av snuplass for buss og større køyretøy, i tillegg til parkering for bilar. Det skal samstundes med etablering av veg leggast til rette for oppgradering av teknisk anlegg som VAO-anlegg, med pumpehus innanfor området.

I «Norge i bilder» kan ein sjå at det var etablert tilkomstveg gjennom aktuelt område allereie tilbake i 1947, og at eldre etablert veg ligg noko lenger nord enn slik vegarealet er avsett i kommunedelplanen. I planarbeidet skal det sjåast på justering av sjølve vegtraseen for tilkomstvegen for å sikre ei god arealdisponering for dei planlagde tiltaka innanfor området.



Figur 2: Bilde viser etablert tilkomstveg frå Kinnvegen til Keilevågen (Norge i Bilder, år 1970).

Illustrasjon frå utarbeidd forprosjekt i 2005 viser trase for veg lagt mot nord, samt mogleg løysing/arealdisponering med nærmiljøanlegg innanfor området, men då utan avsett areal for parkeringsareal innanfor området i Keilevågen. Skisse viser også døme på mogleg utforming av parkeringsareal med snuplass for buss ved eksisterande parkeringsplass.



Figur 3: Illustrasjon frå utarbeidd forprosjekt i 2005 viser mogleg løysing/arealdisponering innanfor området (Hjellnes COWI AS/ no iVest Consult)


b) Planområdet og eventuell verknad utanfor planområdet

Planområdet vil omfatte følgjande eigedomar: gbnr. 28/746, 28/129, 28/240, del av 28/129, 28/17, 28/1062, 28/675, 28/595 og eventuelt delar av tilgrensande eigedomar sør for planlagt trasé, samt tilgrensande areal i sjø. Plangrense vert avklart på oppstartsmøte med kommunen.

Utanfor planområdet er verknader venta å gjelde tilgrensande eigedomar som består av bustadar. Ved tiltak vil ein tilføre gode friluftsverdiar ved å opne for bruk av område for ålmenta.

c) Planlagde tiltak (bygg, anlegg og andre tiltak):

I tillegg til veggtilkomst, skal det vurderast areal for parkeringsplass, nærmiljøanlegg, turveg, og areal for etablering av kommunalt pumpehus.



Figur 4: Illustrasjon frå utarbeidd forprosjekt i 2005 viser mogleg løysing/arealdisponering i høve nærmiljøanlegg/leikeplass innanfor området (Hjellnes COWI AS/ no iVest Consult)

d) Utbyggingsvolum og byggehøgder:

Det er ikkje planlagt ny bygningsmasse innanfor området med unntak av mindre bygg til kommunalt pumpehus.

Byggehøgd vil vere i samsvar med eksisterande utbygging innanfor planområdet.

Utnyttingsgrad og utbyggingsvolum vil vere nokre, av fleire tema i oppstartsmøte.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet:

Det skal leggast stor vekt på at veganlegg skal tilpassast eksisterande etablerte bustadar i området. Det skal etterstevas å leggast til rette for universell tilgjenge.

f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader:

I planarbeidet vil det bli lagt særleg vekt på god landskapstilpassing og estetisk utforming av veganlegg. Planen skal legge til rette for ålmenta, der område ved sjø vil bli tilgjengeleg for alle.

g) Forholdet til kommuneplan, evt. Gjeldande reguleringsplanar og pågåande planarbeid:



Figur 5: Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for området, Florelandet Brandsøy 2022 (Kinn kommune)

I KPA er aktuelt areal avsett til: *Veg, noverande, o_SV1 og framtidig, o_SV3, Andre typer bebyggelse og anlegg (teknisk anlegg), framtidig, o_BAB5, Offentlig eller privat tjenesteyting, noverande, del av o_BOP2, videre er tilgrensande areal langs veg avsett til Naturområde – grønnstruktur, noverande, GN, Boligbebyggelse, noverande, B4, og i sjø er areal avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, V.*

Aktuelt område er avsett med fleire omsynssoner, desse er;

Omsynssone for friluftsliv, H530

Bevaring naturmiljø, H560_3

Bevaring kulturmiljø, H570_6

Infrastruktursone, H410_1 (eksisterande hovudvassleidningsnettet til kommunen).

Andre sikringssoner (Restriksjonssone lufthamn), H190_1-2

Støysone frå flyplassen, Gul sone iht. T-1442, H220_1

Langs strandsone er areal innanfor flaumfare, H320

I føresegns for o_SV3 framgår det at; *Traseen kan justerast noko gjennom detaljregulering dersom dette gjev eit samla betre resultat. Og at; Ved etablering av vegen skal det leggast vekt på god terrengrilpassing og skjerming mot naboar.*

Innanfor areal avsett til *Offentleg eller privat tenesteyting, BOP*, framgår det i generelle føresegns; *Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet. Ved søknad om nye tiltak skal det dokumenterast kvalitet og utforming på uteoppholdsareal i samsvar med aktiviteten innafor området.*

I BOP2 vert det presisert at; *For tiltak ved BOP2 - Kystmuseet, skal intensionen om ivaretaking av kystlandskapet prioriterast i sakshandsaming. Det kan tilførast fleire verneverdig bygg ved friluftsmuseet der ei fagleg vurdering tilrår dette.*

Vidare framgår det i føresegns for området at; *Ved utviding/prosjektering/vidareutvikling av areal skal ein ta sikte på å legge til rette for mjuke trafikkantar gjennom å etablere sykkelparkering, benkar, fleire tilkomstar samt opparbeidning av stiar og gangvegar gjennom områda. Dette skal vurderast og takast stilling til i saka.*

Dette er prinsipp som er tenkt vidareført og innarbeidd i ny reguleringsplan for området.

Kinn kommune har i forbindelse med oppstart av planarbeidet vert i dialog med Vestland fylkeskommune. Det vart der avklart at tidlegare regulert avkjørsle i oppheva detaljreguleringsplan for Kinnvegen (planID 4602_140120110110, datert 07.06.2012, vedtatt oppheva 16.11.2023), kan nyttast som løysing for tilkomst frå Kinnvegen. Etablert avkjørsle vart i oppheva plan regulert med formål å kople seg på ny tilkomstveg til Kystmuseet, og avkjørsle i ny reguleringsplan er derfor tenkt løysast slik avkjørsla var utforma i oppheva detaljreguleringsplan.

Aktuelt område er innanfor kartlagt og verdsatt friluftsområde og er såleis registrert i Miljødirektoratet sin Naturbase. Desse områda er:



Figur 7: Leike og rekreasjonsområde, Keilevågen, verdisett som svært viktig friluftslivsområde (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026185>)


Leike og rekreasjonsområde, Keilevågen (FK00026185), verdisett som Svært viktig friluftslivsområde, brukarfrikvens er registrert til Ganske stor.

Grønnkorridor, Snarveg Keilevågen (FK0002626), verdisett som Viktig friluftslivsområde. I områdebeskriving vert det grunngjeve slik; Snarveg. Klassisk snarveg gjennom eit bustadfelt. Ei gammal utsliitt tretrapp har stort behov for utskifting/vedlikehald. Brukarfrikvens er registrert til Noe.


Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag, Sørstrand, Brendøya, Kystmuseet (FK00026137), verdisett som Viktig friluftslivsområde. I områdebeskriving vert det grunngjeve slik; Utgangspunkt til padletur i nære område. Fine korte padleturer, gode for nybegynnere. Brukarfrikvens er registrert til middels. Sjå kartutsnitt i figur på neste side.




Figur 6: Utsnitt frå tidlegare Detaljreguleringsplan for Kinnvegen som no er oppheva.
<https://www.arealplaner.no/4602/arealplaner/405?term=kinnvegen>.



Figur 7: Leike og rekreasjonsområde, Keilevågen, verdisett som svært viktig friluftslivsområde (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026185>)



Figur 8: Grønnkorridor, Snarveg Keilevågen
<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026261>



Figur 9: Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag, Sørstrand, Brendøya, Kystmuseet
<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026137>

Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag, Keilevågen (FK00026136), verdisett som Viktig friluftslivsområde. I områdebeskriving vert det grunngjeve slik; Utgangspunkt til padletur i nære område. Brukarfrikvens er ikkje registrert.

Grønnkorridor, Turveg Kystmuseet- Båtvika (FK00026202), verdisett som Svært viktig friluftslivsområde. I områdebeskriving vert det grunngjeve slik; Turveg. Flott opparbeidd, mykke bruk turveg og ferdselåre mellom bydelar. Brukarfrikvens er registrert til Stor.



Figur 10: Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag, Keilevågen (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026136>)



Figur 11: Svært viktig friluftslivsområde Grønnkorridor, Turveg Kystmuseet- Båtvika
<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026202>

I vest, på andre sida av avkjørsle til ny tilkomstveg til kystmuseet, er omfatta av gjeldande plan; *Detaljreguleringsplan for Soldalvegen, datert 03.06.2014, planID: 140120130109.*

Varsla planområde omfattar del av reguleringsplan for Soldalvegen, for å vurdere evt. samanbinding av ny turveg med overgangsfelt over Kinnvegen, til viktige turområde i Storåsen og Røverhillaren.

Utanfor planområdet, innanfor del av dagens eksisterande tilkomstveg til museet er omfatta av gjeldande plan; *Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg, datert 03.10.2017, planID: 140120100109.* Ny reguleringsplan vil ikkje vere i berøring av denne.

Det er ikkje kjennskap til at det er pågående arbeid med reguleringsplanar i området.

h) Vesentlege interesser som kan verte berørt av planinitiativet:


Planen inneberer tiltak i strandsona og det vert dermed eit viktig tema i planprosessen.

Illustrasjon frå utarbeidd forprosjekt i 2005 i figur 13 viser ny tilkomstveg langs strandsona i Keilevågen. Det er sett krav om at det skal leggast vekt på god terrengr tilpassing og skjerming mot naboor ved etablering av vegen. Dette vert også særlig vektlagt i den vidare prosessen.


Kystmuseet i Florø består blant anna av 2 større museumsbygg med friluftsmuseum i områda rundt. Her er det etablert fleire verneverdige historiske bygg, kaier og bruer som fortel ei historie om kystkulturen, og området er eit viktig turområde i Florø.



Figur 12: Utsnitt frå kommunekart.com som viser reguleringsplanar utanfor planområdet.



Figur 13: Illustrasjon frå utarbeidd forprosjekt i 2005 viser mogleg løysing med etablering av brygge i tilknyting til ny veg (Hjellnes COWI AS/no iVest Consult)



Figur 14: Bilde viser delar av friluftsmuseet og det statleg sikra friluftsområde på Brendøya, Prestholmen og delar av Båtevika (Kommunekart.com).

Bruer knyter øyane Brendøya og Prestholmen, og delar av Båtvika saman. Områda er ein del av museet sitt friluftsmuseum, og er samstundes eit statleg sikra friluftsområde. Planarbeidet vil ikkje berøre dette. Sjå kartutsnitt i figur 14.

Ein viktig del av planarbeidet vil være å knytte turdraga i Storåsen saman med turdraget over «Bruene». Som del av planarbeidet skal det derfor sjåast på moglegheit for etablering av turveg/gangveg langs ny tilkomstveg som løysing for mjuke trafikantar.

Frå Kystmuseet og mot sør har Kinn kommune no starta ein prosess for å etablere turveg vidare sørover for å binde turområdet «Bruene» saman med Sørstrand Folkepark. Planlagt ny turveg/gangveg gjennom Keilevågen vil såleis også kunne samanbinde turområdet i Storåsen med turområde på Sørstrand når denne vert etablert.




Figur 15: Eldre etablert tilkomstveg til området (iVest Consult).

Det er ikkje registrert kulturminne eller viktige naturvernområde innanfor planlagt planområdet. Det er registrert kulturminne aust for planlagt planområde. Dette er sikra med omsynssone, *Båndlegging etter lov om kulturminner*, H730_5, i KPD. Ny tilkomstveg til Kystmuseet vil ikkje komme i konflikt med dette.



Figur 16: Utsnitt fra KDP som viser registrert kulturminne utanfor planområdet, H730_5 (Kinn kommune).

Kinn kommune har utført grunnarbeid igjennom delar av planområdet i samband med utbetring av fylkesvegen/Kinnvegen. Det vart då lagt eit større rør for overvasshandtering igjennom området til sjø. På grunn av fjell i dagen i siste del av rørtraséen var det naudsynt med større terregngendring i strandsona. Sjå etablert utløp i bildet nedanfor. Dette må takast omsyn til i planlegging av ny tilkomstveg og ved tiltak i strandsona. Det skal også i den samanheng vurderast tiltak som gjev planlagde tiltak ei god avslutning mot sjø, og som gjer strandsona i Keilevågen meir tilgjengeleg for ålmenta samstundes som ein ivareteke dei etablerte eigendomane langs den nye veggtilkomsten.



Figur 17: Bilde henta frå Firdaposten som viser utløpet til etablert overvassleiding som er lagt gjennom området (<https://www.firdaposten.no/ny-veg-til-kystmuseet-vi-er-i-dialog-med-naboane/s/5-16-877601>).



Figur 18: Oversiktsbilde henta frå Kystmuseet si heimeside som viser delar av Museet sitt område, Keilevågen, og turvegen igjennom området «Bruene» (<https://misf.no/kystmuseet>).

i) Korleis samfunnstryggleik er tenkt tatt ivare, mellom anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit:

I samband med utbetring av fylkesveg 545/Kinnvegen, vart det som nemnd ovanfor etablert ny overvassleidning gjennom området, grunnforholda innanfor området er såleis kjend, og vil bli tatt omsyn til i det vidare planarbeidet. Det vil bli utarbeidd ROS-analyse, med forslag til avbøtande tiltak for uønskte hendingar som kjem ut med høg risiko. Til dømes er det venta at tema knytt til klimaendringer og havnivå må tilleggas særskilt vekt, samt trafikktryggleik. Området vert og vurdert opp mot andre tema i ROS i planarbeidet.

j) Kva berørte offentlege organer og andre interesserte vert varsle om planoppstart:

Aktuelle offentlege fagmynde vil vere; Statsforvaltar, fylkeskommunen, Sogn og Fjordane museum, NVE og kommunen, (Brann- og beredskap, Folkehelseavdelinga, Teknisk avd, representantar born & unge/eldre/universell utforming/-funksjonshemma). Andre interesser/instansar vil vere; Linja, lokallag Flora turlag, Blindeforbund/LHL/NHF, evt. grendalag mfl.

k) Prosessar for samarbeid og medverknad (fagmynde, grunneigarar/naboar/andre)

Det vert oppretta dialog med dei berørte grunneigara som ligg i direkte tilknyting til ny vegtilkomst, ved oppstart av planarbeid. Vidare er det tenkt at fagmynde, grunneigarar/naboar mf.l vert inviterte til å kome med innspel gjennom varsling av planoppstart (brev, avisannonse og kommunens og forslagsstillar sine nettsider).

I) Vurdering av om planen er omfatta av Forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle er tenkt tatt ivare

Formål med planarbeidet, og forslag til planformål, er vurdert å samsvare med overordna plan, og fell såleis ikkje inn under Forskrift om konsekvensutgreiingar §6, vedlegg 1. Planen gjeld tiltak etter plan- og bygningslova, og fell såleis heller ikkje inn under forskrifta §7. Vidare er det vurdert at plantiltak ikkje fell inn under vedlegg 2, at tiltaka ikkje vil føre med seg vesentleg verknad for miljø eller samfunn etter forskrifta §10, og at planen då heller ikkje fell inn under forskrifta §8. Planarbeidet er på dette grunnlag vurdert å ikkje falle inn under forskriftas saklege verkeområde, og dermed heller ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU).

Med vennlig hilsning

iVest Consult AS



Jane Berg Solheim

Landskaps- og Arealplanlegger

Tlf. 95741102

Epost: jbs@ivestconsult.no